

Det gule Neset

05.06.2011



Også i år er ein stor del av Neset farga gult i ein periode.
Det er svært dekorativt og det må vi takka engsoleia eller
smørblomen for.

Den er ein av dei vanlegaste villblomane
våre og vi lærte på skulen at engsoleia vekst heilt oppunder
toppen av Galdhøpiggen.

Smørblomen held det gåande med blomeprakten sin gjennom
det meste av sommarhalvåret - det vil seia frå mai til september.

Ellers har du kanskje merka deg at dyr på beite unngår smørblomen
Grunnen er at planta kan skape hudirritasjonar.

Giften blir borte ved
tørking og engsoleie i høy er difor ikkje farleg. Mn her står ein altså
ved grunnen til at det er så mange gule øyer på jordene om
sommaren. Dyra har unngått planta.

Visste du forresten at engsoleie er nasjonalblomen på
Færøyane og at dei der kallar planten solja
som blir uttala sälja??

Test og foto: Ola Matti Mathisen